



SOMMERKURS

 musikkorps.no

Gult kurs Nordfjordeid 2024

Stad: Fjordane Folkehøgskule, Nordfjordeid

Dato: 7.-10. august 2024

Her kjem informasjon om kurset!



NMF
NORGES
MUSIKKORPS
FORBUND
Nordvest



Velkommen til Gult kurs Nordfjordeid 2024!

20 musikantar er påmeldt gult kurs, og saman med dei 42 musikantane på det raude kurset blir det ein flott gjeng på folkehøgskulen. Vi gler oss til eit kjempekjekt kurs med mykje ulik musikk og aktivitetar, og vi skal gjere vårt aller beste for at du skal få både morosame og lærerike dagar!

Frammøte:

Fjordane Folkehøgskule, Nordfjordeid, onsdag 7. august mellom klokka 11:45 og 12:30.

Avslutningskonsert:

Avslutningskonsert på Fjordane Folkehøgskule laurdag 10. august klokka 13:00.

Opphald og overnatting:

Du må ta med sovepose eller dyne, og pute + sengeklede. De overnattar i senger på to- og tremannsrom (evt enkeltrum ved behov) på hytter med ca 10 stykker. Om ikkje det er meldt inn romynskjer, vil ein bli lagt på rom/hytter med andre frå same korps.

Måltid:

Det blir servert tre måltid per dag: frukost, middag og kveldsmat. I tillegg lagar dei matpakke til lunsj kvar dag. Det er lov å lage ei ekstra matpakke viss ein trur at ein blir svoltet i løpet av dagen. Det er tilsyn av vaksne i personalet heile døgnet. Når de kjem onsdag må de ha med matpakke sjølve, så et vi lunsj og blir litt kjent i fellesskap når alle er innlosjert, før vi begynner.

Informasjonsmøte for føresette blir ca kl. 13:00, der vil de få informasjon og kan stille spørsmål.

Stab:

Musikalsk leiar for kurset er Torhild Andvik

Leirsjef er Nora Marie Hesjedal

Leirassistent/aktivitetsleiarar: Erlend Lambrechts Trovåg, Ask Nyland Bergby og

Ingrid Fuglseth Simonsen

Treblås: Kariann Svensson

Kornett: William Anthun

Horn: Erika Husebø

Tuba/juff/bariton: Inge Starheim Ytrehus

Trombone: Åshild Aagaard-Nilsen

Slagverk: Thomas Frøyen

Fullmaktsskjema

Vedlagt ligg to fullmaktsskjema. Eit for faste medisinar og eit for film- og biletagodkjenning. Lever skjema i innsjekksranken når de kjem. Har du gløymt skjema har vi nokre ekstra, evt. kan ein føresett sende eit bilete av skjema på sms til leirsjefen.

Spørsmål

Under kurset tar de kontakt med leirsjef Nora Marie på telefon: 954 55 788

I forkant av kurset når ein oss på kontoret til NMF Nordvest på: 982 41 164. Kontoret er stengt i veke 28-30, men vi les og svarar på e-post innimellom: erlendt@musikkorps.no

Pakkeliste

- Feilfritt instrument med tilhøyrande utsyr (muter om du har, fliser etc)
- Notestativ (hugs og merke med namn)
- Sovepose eller dyne (+dynetrek) og pute + putetrek og laken
- Skrivesaker
- Handkle
- Toalettsaker
- Personlege medisinar
- Klede til uteaktivitet. f.eks ulike ballspel
- badekle
- Innesko/tøflar
- Drikkeflaske
- Litt lommepengar til ein tur på butikken.

Slagverkarar tek med stikker, køller, øvingspad og skarptromme med stativ.



Reglement

1. Elevane er forplikta til ei kvar tid å rette seg etter beskjedar som blir gitt av personalet på leiren.
2. Alle fastsette frammøtetider, rosignal, vekking og måltid skal haldast.
3. Elevane skal møte i god tid før kvar undervisningstime slik at dei er speleklare når timen startar.
4. Elevane skal opphalde seg på skulen sitt område under kurset. Ingen må forlate skulen utan å gi beskjed til leirsjef/ assistent.
5. All bruk av alkohol og andre rusmidlar er forbode.
6. Det skal vere ro på romma mellom 23.00 og 07.00.
7. Energidrikker som Red Bull, Monster ol. er ikkje lov på sommarkurset.
8. Brot på reglementet kan føre til utvisning frå leiren utan tilbakebetaling av kursavgifta.

* Deltakarane vil bli oppmoda om å la mobilen vere på rommet om dagane.

